

Innhald

Rådmannen innleiar	side 1
Økonomi	side 4
Organisasjon	side 12
Samfunn og utvikling	side 14
Helse og omsorg	side 21
Oppvekst og kultur	side 29
Investeringar 2016	side 34

Hovudfokus

Robust økonomi

Gje gode nok velferdstenester til innbyggjarane dei neste åra

Kvalitetsmål

Innovasjon i tenestene

Effektiv administrasjon

Frivilligheit

Digitalisering av tenester

I 2016 gjekk kommunen frå underskot i 2014 og 2015 til eit overskot på 1,97%. Kommunen bør ta mål av seg i neste økonomiplanperiode å ha eit overskot på opp mot 2% og avsett dette til frie fond. Samnanger har dei siste åra investert i nye barnehagar, skular, sjukeheim og offentleg infrastruktur. Kommunen har ein høg gjeldsgrad, og det trengs ei streng prioritering av bruken av kommunen sine ressursar framover. Samstundes vert det viktig å ha fokus på ei rekkje kvalitetsmål i tråd med lokale og nasjonale føringar.

RÅDMANNEN INNLEIAR

Folketal – demografi *(tal SSB/kommunebarometeret)*

Dei viktigaste målgruppene for kommunale tenester er barn og unge 1–18 år og innbyggjarar over 67 år. Veksten i folketalet vert middels dei næraste åra, og utgjer ein auke på ca 2 %, basert ut frå veksten som har vore dei siste åra. Medan det i aldersgruppa over 80 år kan verte ein nedgang på ca 17 %. Noko som kan gje både lågare etterspørsel etter heimeteneste og sjukeheimplass, og kostnader i omsorgstenestene. Dette vil igjen på virke rammeoverføringa til kommunen for denne aldersgruppa. Elevtalet ser ut til å bli på rundt 300 elevar som er om lag tilsvarande dagens elevtal. Talet 1-5 åringer ser ut til å verta stabilt dei 4 fire neste åra, og kommunen treng ikkje auke talet barnehageplassar, med mindre staten utvidar rettighetene til plass.

Økonomiske føresetnader

Økonomisk resultat i 2016 er langt betre enn for eitt år sidan. Mange kommunar er i same situasjon på grunn av dei ekstra høge skatteinntektene. Ser me på resultatet over dei siste fire åra har drifta så vidt gått i pluss. Kommunen må i framtidig økonomiperiodar budsjettere med ein høgare marginen.

Netto renteeksponert gjeld er mykje høgare enn landsgjennomsnittet (37 prosent), målt mot brutto driftsinntekter (Kommunebarometeret). Kommunen har litt pengar på disposisjonsfond. Dette vil ikkje vera tilstrekkeleg til å handtera oppgang i rentenivået eller ei økonomisk krise. Ambisjonen framover bør vera å sette av opp mot 2% som netto resultat og bygge opp disposisjonsfondet gradvis.

Kostnadsnivået innanfor dei viktigaste tenesteområda, justert for utgiftsbehovet, er litt høgare enn gjennomsnittet i kommuneNorge. Kommunen sine inntekter ligg over snittet, noko som skulle gje Samnanger moglegheit til å prioritera framtidig ressursbruk. Det vert nødvendig med ein gjennomgang av kostnadsnivået til dei ulike tenestene, samstundes som det vert gjennomført ein kvalitetsdialog der

det vert sett kvalitetsmål. Dette er ein prosess som bør starte tidleg i haust og følgje budsjettarbeidet.

Kvalitet - resultatmål

Kommunane rapporterer kvart år gjennom ei rekkje rapporteringssystem. I KOSTRA vert kommunane sine nøkkeltal publisert og offentleggjort når rekneskapen er ferdig. Grunnskulane registrerar sine nøkkeltal i GSI, Pleie og omsorg i IPLOS, Barnehagen i BASIL og tekniske drift til mattilsynet og folkehelseinstituttet, eigne system, osv.

Kommunal rapport hentar ut desse nøkkeltala for dei ulike tenestene, vektar dei, samanliknar resultatata og publiserer dei i kommunebarometeret. Barometeret er ei forenkla måte å måle Norge beste kommune. Pr i dag er det mellombelse tal frå 2016 som er publisert. Endeleg tal kjem i juni 2017.

I tillegg har Samnanger eit kvalitetsstyringssystem der kommuneforlaget (KF) har utarbeidd ei rekkje kvalitetsindikatorar basert på nasjonale føringar.

I økonomiplanarbeidet er kvalitetsindikatorane henta frå Kostra, kommunebarometeret (KB) og kvalitetsstyringssystemet (KF). Indikatorane vil indikere retning, nasjonale satsingar og fokusområde for dei ulike tenesteområda. Noko som igjen bør vere viktig føringar for kommunen sine prioriteringar og satsingsområda framover.

Det må og seiast at det er viktig å ha med seg «forteljingane» til alle «teljingane» som følgjer dei ulike målingane. Samnanger er ein liten kommune og for nokon av tenesteområda kan td. ein brukar gje store utslag på «teljingane». Tabellen nedanfor viser mellombelse tal for utviklinga til Samnanger kommune ut frå målingar i Kommunebarometeret. Ei rekkje tenesteområde viser betre målingar og utvikling på barometeret sine kvalitetsindikatorar.

Utvikling i Kommunebarometeret - samanliknbare tal

Plassering	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Ambisjon
Nøkkeltallene alene	381	253	175	200	251	199	298	77	Topp 50
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger	397	348	253	246	273	258	329	128	Opp
Grunnskole		170	165	121	94	56	32	6	Topp 10
Pleie og omsorg	408	139	116	97	175	196	175	21	Topp 20
Barnevern	312	211	123	385	330	273	294	279	Opp
Barnehage	221	211	136	92	76	98	122	264	Opp
Helse	261	250	151	236	270	317	351	326	Opp
Sosial	247	314	314	242	290	327	328	210	Topp 100
Kultur	269	256	274	215	104	218	288	279	Opp
Økonomi	240	315	189	215	348	264	419	355	Opp
Kostnadsnivå			356	316	370	349	366	312	Opp
Miljø og ressurser	107	151	79	116	24	132	120	99	Topp 50
Saksbehandling	251	238		199	339	237	326		Topp 50
Vann, avløp og renovasjon	124	194	252	381	329		373	335	Opp

Plasseringene i denne tabellen er oppdatert med nøkkeltallene som er brukt i 2017-barometeret. Plasseringene vil derfor AVVIKE fra det som ble rapportert for ett eller flere år siden. På den annen side er tidsserien så sammenliknbar som det er mulig å få den.

Kommunen bør ha fokus på kommunebarometeret og bruke dei kvalitetsindikatorane som er lagt vekt på der. Nokre av desse bør vera langsiktige mål for dei ulike tenestoområda, og verte rapportert på årleg i årsmeldinga. Medan økonomiske mål bør verte rapportert gjennom tertialrapporteringa. Nokre indikatorar er uaktuelle og nokre kan og vera aktuelt å ikkje prioritera og bevist utelate. Viktigaste er at både leiarar og politikarar har felles forståing og at det er samsvar med vedtekne rammer og mål og forventingane til resultat. Gå me inn på dei ulike tenestene sine resultat vil me med målretta og systematisk arbeid kunne få betre målingar og avansera på barometeret. I komande økonomiplanperiode legg vi til grunn eit relativt høgt ambisjonsnivå om å verte topp 50.

Kvalitetsdialog 2017

I kvalitetsdialogen i april i år med formannskapet og leiarane, var det fokus følgjande satsingsområde;

- Nærvær og sjukefråvær – korleis få høgt nærvær og lågt sjukefråvær
- Kompetanseplan – Faktor 10 undersøkinga viste størst avvik i høve landsnitt for behov om relevant kompetanseutvikling
- Verdiar -*korleis gjera kvarandre gode*– Gjennom faktor 10 viste kommunen lågare skår på meistringsleiing og meistringsklima.

Desse tre fokusområda vert tilrådd inn i økonomiplanen som eigne prosjekt gjeldande for alle tenestoområda i 2018-21.

Innovasjon i tenestene

Velferdsteknologi vil verte løysing for mange av dei utfordringane kommunen vil møte i framtida. Det er særskilt helsetenestene som kjem til å oppleve ein revolusjon og ny kvardag. Kommunenes Sentralforbund (KS) har laga ein innovasjonsstrategi for dette, og Samnanger har ilag med Kvam søkt om prosjektmidlar for å møte utfordringane. Auka digital kompetanse hos helsepersonell vert nødvendig.

Effektiv administrasjon

Det er viktig å ha ein effektiv, riktig og godt kvalifisert administrasjon. Ut frå Kostratal har Samnanger færre årsverk i administrasjonen enn dei me samanliknar oss med. Tilsette i delar av administrasjonen har for stort arbeidspress med altfor lange dagar og for store arbeidsområde. Dette kan ikkje halde fram. Det vert nødvendig å investere i ny programvare som effektiviserer nokon av oppgåvene, og få forenkle saksområda som skal følgjast opp. Oppfølging av internkontrollarbeid, revisjon av regelverk, skriftlege rutinar og system er arbeidsområde som må få høgare prioritet, og som er peika på av revisor/kontrollutvalet. Ei styrking av administrasjonen er eit tiltak rådmannen ønskjer å prioritera i 2018-21 ved å evt omorganisera/omprioritera ressursar frå andre tenestoområde.

Frivilligheit

Frivillige lag og organisasjonar har ei viktig rolle i lokalsamfunnet, og i Samnanger er mange som yter mykje gjennom både organisert og uorganisert arbeid. For kommunen er dette av stor verdi og det vert viktig at me gjev det frivillige arbeidet gode vilkår. For folkehelsa til innbyggjarane betyr verdien av å tilhøyre et fellesskap svært mykje.

Digitalisering av tenester

Samnanger har kome kort i arbeidet med å digitalisera tenestene. Det må verte laga ein digitaliseringsstrategi 2018-21. Det vert nødvendig å hente inn kompetanse innanfor informasjonstryggleik og det vil krevja stor involvering frå administrasjonen. Arbeidet bør organiserast som eit prosjekt.

HOVUDMÅL og AMBISJON

Overskot B-2018:

1,23 %

Styrke

disposisjonsfondet:

2018 - ca 1,5 millionar

2019 – opp mot 2% av
overskotet

Redusere lånegjelda.

Tilpasse tenestenivået til nye rammer

ØKONOMI

Kommunen sin økonomi består av inntekter gjevne gjennom statsbudsjett, konsesjonskraft, eigedomsskatt, salsinntekter og brukarbetalingar. Utgiftene er knytt til drift av dei ulike tenestene, finansutgifter og investeringar.

Inntekter

Dei frie inntektene er skatteinntekter, skjønnskot og rammetilskot. Statsbudsjettet gjev årleg tildelinga for rammetilskotet og andre tilskot som vedlikehaldstilskot, sysselsettingsmidlar og andre øymerka tilskot. Kommunen har og inntekter frå sals- og leigeinntekter og brukarbetaling. På svært mange områder er det føringar frå staten eller i lovverk som bestemmer kva kommunen kan ta betalt. Dette gjeld for eks innafor sjølvkostområde og for eks. maks sats på barnehagebetaling.

I tabellen nedanfor visast kommunen sine inntekter i % av bruttoinntekter. Eigedomsskatt på bustad og fritidseigedom, salsinntekter og andre driftsinntekter kan kommunen påvirke. Medan skatteinntekt, rammeoverføring og andre statlege tilskot er statlege løyvingar (*). Inntekt frå konsesjonskraft mm vert styrt i høve marknadpris (**).

Brutto driftsinntekter fordelt på inntekskilder , % av bruttodriftsinntekter						
	S-2016	KG1	KG3	Alvdal	Fusa	Ambisjon
Skatt på inntekt og formue, imkl naturskatt	30,9	28,5	26	21	30,1	*
Statlig rammeoverføring	38,6	37,3	32,3	38,6	38,1	*
Andre statlege tilskot til driftsføremål	2,3	5	4,5	5	3,9	*
Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom	2,4	1,4	1,2	1,8	1,6	=
Eigedomsskatt annan eigedom	4,7	0,9	6	3,3	2,4	*/=
Sals- og leigeinntekter	10,7	11,6	14,1	12,2	9,6	> 11
Andre driftsinntekter	10,4	15,2	15,4	18	14,2	> 11
Brutto inntekter frå konsesjonskraft, kraftrettigheter og anna kraft for vidare sal	1,1			0,5	0	**

Nedanfor visast samla oversikt over inntekter knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg.

<i>(tall i heile tusen)</i>	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Ambisjon
Konsesjonskraft	5 101	2 674	4 225	3 908	1 524	2 375	*
Konsesjonsavgift	898	898	898	979	979	979	*
Naturressursskatt*	4 421	4 399	4 370	4 388	4 275	4 382	*
Eigedomsskatt kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg	7 752	8 043	8 748	8 532	7 133	5 726	*
Sum inntekter	18 172	16 014	18 242	17 808	13 911	13 463	

* vert styrt av nasjonale reglar og marknadsprisar.

** kommunestyret vedtar sats for eigedomsskatt. I 2017 er det 7 % på næring, verk og bruk.

Vedteken økonomiplan 2017-20


Kommunestyret vedtok i desembermøtet 2016 budsjettet for 2017 og økonomiplanen for 2018-21.

For 2018 er netto driftsresultatet sett til **1,23%** av driftsinntektene. Dette vert tilrådd som ambisjonsnivået for budsjettarbeidet i 2018. Det kan gje kommunen eit overskot på 1,455 millionar, og styrke disposisjonsfondet.

Tabell – vedteken økonomiplan 2017-20 er grunnlag og føring for økonomiplanarbeidet for 2018-21.


Vedteken økonomiplan 2017-20					
	R-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
driftsinntekter	-212 340	-209 201	-203 752	-201 581	-200 837
driftsutgifter	206 264	203 247	199 751	196 195	197 043
Br. driftsresultat	-6 076	-5 954	-4 001	-5 386	-3 794
Netto finanstr. aksjonar	9 940	12 141	12 187	12 707	12 533
Motpost avskr.	-8 037	-10 701	-10 701	-10 701	-10 701
Netto driftsresultat	-4 173	-4 514	-2 515	-3 380	-1 962
Netto dr.resultat av driftsinntekter	1,97 %	2,16 %	1,23 %	1,68 %	0,98 %
Avsett netto til disposisjonsfond	2261*	2 880	1 455	2 876	2 058
*Overskot 2017					

Grafen viser tilbakeblikk til 2005 på kommunen sine driftsresultat.



Overskotet – avsettast til Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møta uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr. 31.12.2016 er 206 973,66 kroner. For meir detaljert informasjon sjå note nr 8 i rekneskapen.



Revisor og kontrollutvalet peikar på stor lånegjeld og svak avsetning til disposisjonsfondet i si handsaming av rekneskapen 2016. Overskotet i 2016 på 2,2 mill. kroner bør settast av til disposisjonsfondet. Kommunen bør bygge opp disposisjonsfondet for å få betre handlefridom og til å møte uføresette kostnader.

Kommunen bør ta mål om å sette av nærare 2% av bruttoinntektene til frie driftsfond. Disposisjonsfond og rekneskapsmessig mindreforbruk er oppsparte midlar som fritt kan verte nytta til å finansiere drifts- eller investeringsutgifter. Samla gjev disposisjonsfond og mindreforbruk ein indikasjon på kor stor økonomisk buffer kommunen har i si løpande drift. Samnanger bør framover sette av positivt driftsresultat til å styrke dei økonomiske buffarane.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter					
S-2016	KG1	KG3	Alvdal	Fusa	Ambisjon
0,1	6,9	6,3	8,6	0,7	> 0,1-2

Finans og lånegjeld

Lånegjeld

Netto lånegjeld er eksklusiv pensjonsforpliktingar medan kommunen sine pensjonsforpliktingar inngår i langsiktig gjeld. Kommunen bør ha ambisjon om å redusere lånegjelda og bruka mindre lån til å finansiera investeringar med fondsmidlar som er bygt opp over tid.


Lånegjeld (KB)						
	S-2016	KG1	KG3	Alvdal	Fusa	Ambisjon
Netto lånegjeld pr innbygger	80 448	57 868	83 320	45 572	66 961	< 80 000
%Langsiktig gjeld av brutto driftsinntekter	225,4	207,2	228,4	174,9	214,4	< 225
Netto lånegjeld % av brutto driftsinntekter	94,3	69,3	80,7	44,2	76,5	< 94
Bruk av lån (netto) i % av brutto investeringsutgifter	77,5*	58,7	68,2	44,6	73,3	< 68
Renteeksponert gjeld i % av brutto driftsinntekter kommunen						

*2015 tal


Finansutgifter og inntekter

Mykje av investeringane til kommunen er i tråd med nasjonale og lokale politiske mål om å gi innbyggerane betre tenester. Noko av gjeldsveksten kan forklarast med at statlege tilskotsordningar som investeringstilskot og rentekompensasjon har stimulert kommunen til å auke sine investeringar. Rentenivået er for tida svært lågt, men gjeldoppbygginga gjer kommunen sin økonomi meir sårbar for renteauke. Målet framover bør verte å få til ein inntektsvekst og redusera gjeldsgraden.

Nedanfor er graf som viser lånegjelda til kommunen for perioden 2009 – 2020. Låneopptak i 2017 og planlagt låneopptak i 2018 er med.



Nedanfor visar kommunen sin avdrag- og renteutgifter fram til 2020.



I økonomiplanperioden 2018-21 vil kommunen ha i underkant av 14 millioner i renter og avdrag på lån, som er med å belastar driftsbudsjettet.

Andre finansielle nøkkeltal

Tabell over Nøkkeltal 2016 – finans

Finansielle nøkkeltal (KB)						
	S-2016	KG1	KG3	Alvdal	Fusa	Ambisjon
Brutto driftsresultat % av brutto driftsinntekter *	2,8	3,7	3,7	9,6	1,9	
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,9	3,7	3,7	6,8	2,5	
Frie inntekter pr innbyggjar, kr	59 294	60 166	54 955	61 432	59 706	
Nettodr.resultat i % av brutto driftsutg	1,9	3,7	3,7	6,8	2,5	
Netto avdrag i % av brutto driftsinnt.	2,8	2,9	3,7	5,1	2,8	
Disp.fond i % av brutto driftsinntekter	0,1	6,9	6,3	8,6	0,7	> 0,1

*Indikatoren viser differansen mellom brutto driftsinntekter og brutto driftsutgifter i prosent av driftsinntektene.

Avskrivninger, som er et uttrykk for verdiforringelsen på kommunale anleggsmidler, føres i driftsregnskapet, men blir eliminert før regnskapsmessig resultat fastsettes. I indikatoren brutto driftsresultat gir imidlertid avskrivningene resultatteffekt, og kan følgelig brukes for sammenligning med det resultatorienterte regnskapssystem, som primært brukes i privat næringsliv.

Driftsrammer for tenesteområda og prioritering

Tabellen viser prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter til dei ulike tenesteområda, målt i høv til totale brutto utgifter. Tabellen viser over tid korleis Samnanger kommune har prioritert dei forskjellige områda og samanliknar prioriteringa i 2016 med KG 3, KG1, Alvdal og Fusa. Kommunane sine ulike prioriteringar kan vera som resultat av bevisste val, men det kan og vera som eit resultat av utfordringar eller effektivitet/ mangel på effektivitet. Tabellen viser mellom anna at kultur blir lågt prioritert i Samnanger.

Brutto driftsutgifter ulike tenesteområda i høve til totale brutto utgifter (KB)								
	S-2013	S-2014	S-2015	S-2016	KG 3	KG 1	Alvdal	Fusa
Adm. og styring	8,2	8,1	7,9	8,3	8,2	7,8	8,1	8,2
Barnehage	12,4	11,8	11,5	11,1	8,8	10,8	9,1	10,0
Skule	20,4	20,5	20,9	20,6	18,4	20,9	19,1	22,2
Helse og omsorg	36,0	36,5	35,6	34,2	33,1	33,5	34,9	38,6
Sosial	2,4	2,2	2,1	2,5	3,6	4,0	4,8	2,8
Barnevern	3,7	3,5	3,4	4,7*	3,0	2,9	1,3	1,6
Kultur	2,3	2,2	2,4	2,4	3,6	2,5	3,4	2,5
Kyrkja	1,4	1,4	1,4	1,4	1,0	1,1	0,9	1,1
Næring	0,8	0,6	0,6	0,9	2,9	1,5	3,2	0,7
Samferdsle	1,8	1,6	1,9	1,6	2,0	1,5	1,0	1,5
Brann	1,9	1,7	1,9	1,8	1,5	1,3	1,2	1,7

*Inkludert skuldig til Bufetat kr 3,5 mill.

Tenesteområda – driftsutgifter.

Samnanger har brukt å samanlikne seg med KG1 og særskilt Alvdal. Me har derfor valgt å strekka vårt ambisjonsnivået mot KG1 eller Alvdal. Dette kan vera utgangspunktet for tildeling av rammor til tenesteområda. Det føresett ei grundig gjennomgang av kostnadane og for nokon tenester vil kommunen måtte vurdera ei omlegging av drifta ut frå nye prioriteringar, om den nye ramma skal verte gjennomført.

Netto driftsutgifter ulike tenesteområde pr innbyggjar (KB)									
	S-2013	S-2014	S-2015	S-2016	KG 3	KG 1	Alvdal	Fusa	Ambisjon
Adm. og styring	6 257	5 991	6 315	6 603	7 534	5 740	6 991	7 008	
Barnehage 1-5 år	138 745	147 538	139 424	132 020	145 231	131 664	104 762	118 477	
Skule 6-15 år	123 664	134 861	129 625	132 879	133 189	117 570	125 508	124 747	
Helse	3 498	3 592	3 632	3 685	4 180	2 779	3 281	3 039	
Pleie og omsorg	20 962	22 297	22 914	20 804	22 093	17 871	17 368	23 487	
Sosial 20-66 år	2 226	2 306	1 942	2 296	2 908	3 160	2 258	2 066	
Barnevern 0-17 år	9 222	8 645	11 366	17 081	10 893	9 035	5 327	3 913	

Korleis møta dei økonomiske utfordringane

Dei økonomiske utfordringane ligg ikkje berre i 2018 men i heile økonomiplanperioden og endå lenger fram. Samnanger kommune si gjeldsevne vil vera påverka av ei rekkje faktorar. F.eks. vil forventna befolkningsutvikling, inntektsnivå og -utvikling, økonomisk handlingsrom vera nokon moment som kan ha betydning både for investeringsbehovet og for evna til å betjene gjelda. Ei målretta styring og prioritering av ressursane vert nødvendig, samstundes som kommunen sine kvalitetsmål vert innfridd.

Lånegjeld – lånegjelda må ned og kommunen må bygge opp driftsfond for å møte framtidig driftskostnader.

Kommunen har pr 30.04.17 ei lånegjeld på 229 mill kroner. 57 % av lånegjelda er utsett for renteendring. Dette gjer kommunen sårbar når renta stig. Gj.sn.flytande rente er i mai 17 på 1,65 %. Eit uforpliktande fastrentetilbod frå Kommunalbanken for ei bindingstid på 8 år er på 2,43 %. Dersom kommunen skulle gå inn på binding av heile lånegjelda ville det gitt ei auka i renteutgiftene på kr 1 mill. for år 1. Diskusjonen rundt kor stor del av lånegjelda som skal ha flytande rente og kor stor del som skal ha bunde rente har gått på kva pris me er villig til å betale for den sikkerheita binding av rente vil gje sett opp mot kommunen sin evne til å ta ei evt. renteauke. Dersom kommunen har buffer, disposisjonsfond, til å ta renteendring kan ein lågare del av lånegjelda vera med bunde rente og kommunen vil og ta del i

rentereduksjon. I vedtatt reglement for finans- og gjeldsforvaltning skal minimum 20 % og maksimum 70 % vera med bunde rente.

Renteeksponert gjeld kan og verta målt ved å vurdera renteeksponert gjeld som del av driftsinntektene. Dersom renteeksponert gjeld er høgare enn dei årlige driftsinntektene vil det seie at ei renteauke på eitt prosentpoeng vil binde opp meir enn éin prosent av inntektene (før det vert teke omsyn til rentebindingar, renteeffekten på pensjonsmidlar, eventuelle leieinntekter o.l.). Pr 31.12.16 var kommunen si renteeksponerte gjeld på 124 mill. kroner og kommunen sine driftsinntekter var på 212 mill. kroner .

Halde fram med tenestenivået – gje gode nok tenester til eit lågare utgiftsnivå.

Dei ulike tenesteområde har høgare kostnadsnivå pr innbyggjar en kommunar me kan samanlikne oss med. Det må derfor verte ei prioritering kva dei økonomiske rammene for tenestene bør vera framover. Samstundes må kommunen sett kvalitetsmål for dei ulike tenesteområda og ha ambisjon om å innfri desse innan ramma.

Investering i offentleg infrastruktur (VVA) – kommunen bør auke talet abonnentar til det offentlige VA-nett gjennom vidare utbygging der det er naturleg.

VA-anlegget på Ytre og Indre Tysse står for tur til å verte oppgradert og rehabilitert, og er lagt inn i økonomiplanperioden. Det er ambisjon om å få utarbeidd ein ny hovudplan for vatn og avløp, samt plan for framtidig drift og vedlikehald av kommunale vegar.

HOVUDMÅL

Ha god kvalitet på tenestene og gje god sørvis

Felles satsing:

-Høgt nærvær og lågt sjukefråvær

-Kompetanseutvikling i tråd med framtidens behov

-Verdiprojekt; *korleis gjera kvarandre gode*

ORGANISASJON

Nasjonale føringar –revidert statsbudsjett

- **Løns- og prisvekst, sosiale kostnader**

KS reknar med ei årslønsvekst på 2,4% i 2017 og ein vekst i konsumprisen på 2,0 og 2,6%. I 2018 er det hovudoppgjer og årslønsveksten kan verte noko høgare.

- **Politisk styring**

Staten vurderer å overføre vigselmyndige til ordførarar, varaordførarar og kommunalt tilsette som kommunestyret gjev slikt mynde til. Forslaget inneber ei lovfesta plikt til å ha eit kommunalt vigselstilbod for eigne innbyggjarar og for personar som ikkje er busett i Norge. Tilbodet skal vera gratis og tilgjengeleg. Vigsels utover opningstid og for folk som ikkje er busett i kommunen, kan kommunen krevje å få dekkja meirkostnader til. Lovendring forslått frå 1. januar 2018.

Kvalitetsindikatorar

Innanfor sektoren organisasjon er det få kvalitetsindikatorer for kostranøkkeltal og i KF sitt kvalitetsstyringssystem. Kvalitetsmål vert her er knytt til eigne valde område og tema.

Kostra

Byråkratibarometeret er ei årleg rangering av norske kommunar. Barometeret er inndelt i følgjande fem hovudkriteria:

- Lønskostnader til administrasjon pr innbyggjar
- Årsverk innan administrasjon i høve til innbygartalet
- Del av driftsutgifter til administrasjon
- Del av samla kommunale årsverk til administrasjon
- Lønskostnader til politisk styring per innbyggjar.

Lønskostnadane til administrasjonen ligg om lag som KG3, medan andel årsverk er lågare enn både Alvdal og Fusa.

Produktivitet/enhetskostnader 2016					
Administrasjon	Samnanger	KG1	KG3	Fusa	Alvdal
Bruttodriftsutg. funksjon 120 administrasjon kr. pr. innbyggjar	5458	4814	6237	4931	5979
Bruttodriftsutg. til administrasjon i % av tot. brutto utgifter	7,1	6,7	7,2	6,6	7,0
Lønn administrasjon % tot. lønnsutgifter	8,4	6,6	7,4	5,6	5,9
Lønnsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innbyggjar	4920	3728	4999	4432	4264
Avtalt årsverk administrasjon pr innbyggjar	0,9			1,34	1,44
Andel av årsverk administrasjon i høve kommunale årsverk. %	10,6			13,70	13,48

Til økonomiplanen 2018-21 vil administrasjonen gjera ein analyse av tala ovanfor og bruke byråkratibarometeret. Kva driftsutgifter er lagt til

administrasjonen og kva kan verte dreve meir kostandseffektivt? Kva oppgåver skal verte prioritert og kva oppåver vil i framtida krevje meir ressursar og auka kompetanse? Kva investeringar må gjerast? Det vil mellom anna vera behov for investeringar knytt til digitalisering av tenester/arbeidsprosessar, samt dokument- og informasjonstryggleik.

Arbeidsmiljø

Til måling av arbeidsmiljøet har kommunen nytta Bedrekommune – og Faktor 10 undersøkinga.

Mål	Målast	Siste måling	Ambisjon
Meistringsorientert leing	Faktor 10	3,9 av 6	Prosjekt
Relevant kompetanseutvikling	Faktor 10	3,3 av 6	Plan
Meistringsklima - verdiar	Faktor 10	3,8 av 6	Prosjekt
Sjukefråvær heile kommunen	Kvartalsvise rapportar for eigen- og legemeldt	9,03%	9%
Sjukefråvær einingar: Rådm.kontor og stab	Kvartalsvise rapportar for eigen- og legemeldt	6,1 %	3,8 %
Sørvissenter		4,3 %	3,8 %
Barnehage		7,4 %	7,0 %
Barneskulen		4,9 %	4,3 %
Ungdomsskulen		5,1 %	4,5 %
Kultur		6,4 %	3,8 %
Helse		4,4 %	3,8 %
Sjukeheim		10,3 %	9,0 %
Heimetenester		14,4 %	9,0 %
Funksjonshemma		7,0 %	9,0 %
NAV		2,6 %	3,8 %
Teknisk forvaltning		7,6 %	3,8 %
Teknisk drift		3,2 %	3,8 %

Brukarundersøkingar og medarbeidar kartlegging

Kommunen nyttar brukar- og medarbeidarundersøkingane i Bedrekommune. Desse er utarbeidd av Kommuneforlaget i samarbeid med Kommunesektorens organisasjon (KS). Undersøkingane ligg på www.bedrekommune.no.

Mål	Målast	Siste måling	Ambisjon
Kvalitet på tenestene i kommunen	Innbyggjarundersøking		>landsnitt
Kvalitet på vatn og avløp	Vatn og avløp		>landsnitt
Sørvis og sakshandsaming	Byggesak		>landsnitt
Utføring av heimetenestene	Heimeteneste		>landsnitt
Tilbod og aktivitet	Dagsenter brukar		>landsnitt
Bukvalitet og trivsel	Institusjon		>landsnitt
Medvirkning og trivsel	Utviklingshemma		>landsnitt
Tilbod fysioterapi	Ergo-/fysioterapitenesta		>landsnitt
Råd og sørvis	Sosialtenesta		>landsnitt
Tilgjengleg og hjelp	Psykisk helse		>landsnitt
Tilbod og oppfølging	Helsestasjon		>landsnitt
Medvirkning skule	Foreldreundersøking (UDIR)		>landsnitt
Tilbod I SFO	Brukarundersøking – SFO		>landsnitt
Tilbod	Bibliotek		>landsnitt
Tilbod	Kulturskule		>landsnitt
Tenestekvalitet i stab	Intern brukarundersøking		>landsnitt
Politisk gjennomføring	Politikarundersøkinga		>landsnitt

HOVUDMÅL

God kvalitet på tenestene og gi god sørvis

Delmål:
Framtidsretta arealforvaltning

Delmål:
Tilfredstillande drikkevatt
– *hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet*

Delmål:
Fleire leveår med god helse for alle

Delmål:
Samnanger skal vera eit levande og klimanøytralt lokalsamfunn.

SAMFUNN OG UTVIKLING

Det er gitt ein del nasjonale føringar i samband med revidert statsbudsjett. Ein del av desse kan om dei vert vedteken få konsekvensar for økonomiplanen og kommunen sine satsingsområde dei neste åra.

Nasjonale føringar – revidert statsbudsjett

Tekniske tenester

- Kommunen kan krevje gebyr for arbeid med eigarseksjonering etter sjølvkostprinsippet.
 - Digitalisering av byggesakshandsaminga – eByggeSak.
 - Kommunen har ansvar for etter PBL å handsama og gjera vedtak om evt tilknytningsplikt til fjernvarmeanlegg.
 - Forslag om å gje kommunane konsesjonsmynde for vasskraftanlegg på inntil 1 MW installert effekt.
 - Forslag om nye retningslinjer for klimatilpasning gjennom kommunal planlegging.
 - Forbod mot bruk av mineralolje trer i kraft 1. januar 2020.
- Kommunen får myndigheit til å føre tilsyn og treffe vedtak i henhold til forskrifta.
- Ny drikkevannsforskrift trådte i kraft 1. januar 2017 –der det vert stilt eksplisitt krav til kommunen om å ta omsyn til drikkevatt i arealplan og reguleringsplaner. Tilsyn med private brønner.

Beredskap

- Lokale heimevernsnemnder vert avvikla og erstatta på regionalt nivå. Ikkje økonomiske konsekvensar.

Folkehelse

- Program for folkehelsearbeidet i kommunane 2017-27. Målet er betre psykisk helse og livskvalitet i befolkningen. Alle kommunar skal innan 2027 har økt kapasitet og kompetanse til å drive eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid som fremmer barn og unges psykiske helse og livskvalitet. Dette inkluderer og rusførebyggande arbeid. Utviklingsarbeidet, som skal skje i kommunane, skal ta utgangspunkt i lokale utfordringar og søkast forankra i kommunen sine planar etter plan- og bygningsloven.
- Tilsynsordning for sal av tobakksvarer – kommunane for ansvar for å føra tilsyn med detaljistane

Landbruk

Utvalte kulturlandskap i jordbruket - sikte på å inngå frivillige kontraktar for nye område med grunneigarar fram mot 2020.

Fylkesmannen forvalte ordninga medan kommunane har en sentral rolle å vera kontaktpunkt og legge til rette.

Nøkkeltal og Kvalitetsmål for tekniske tenester

Økonomi

Nedanfor viser nøkkeltal for Næring, samferdsel og Brann. Samnanger har ein relativ kostnadskrevjande brannordning, medan kommunen i mindre grad har prioritert næringsaktivitetar.

Brutto driftsutgifter ulike tenesteområda i høve til totale brutto utgifter (KB)									
	S-2013	S-2014	S-2015	S-2016	KG 3	KG 1	Alvdal	Fusa	Ambisjon
Næring	0,8	0,6	0,6	0,9	2,9	1,5	3,2	0,7	Auke
Samferdsle	1,8	1,6	1,9	1,6	2,0	1,5	1,0	1,5	
Brann	1,9	1,7	1,9	1,8	1,5	1,3	1,2	1,7	Reduksjon

Avfall og renovasjon

Lokale mål

- Auke kompostering i hushaldet

Nedanfor visast ein del tabellar og nøkkeltal for tal abonnentar og kilo hushaldsavfall, samt årsgebyr. Samnanger kan vise til gode tal for avfall og renovasjon.

Nøkkeltal og kvalitetsindikatorar for avfall og renovasjon.

Teknisk sektor - Avfall og renovasjon	S-2016	KG1	KG3	Ambisjon
Sjølvkostgrad	100%	99%	99%	
Talet hytteabonnentar	766			
Talet årsinnbyggjarar	2740			
Hushaldsavfall pr. innb. (Kilo)	409	481	465	
Andel mat.gjennvinning og bio.beh. (kilo)	78%	83%	77%	83%
Årsgebyr BIR (kr)	1700	2484	2925	

Kostra nøkkeltal

Produktivitet/tenesteindikator	Samnanger	Fusa	Alvdal
Gebyrinntekter pr årsinnbyggjar, kr	833	855	1272
Årsgebyr for avfallstenesta BIR, kr	1700	1737	2708
Hushaldsavfall pr innbyggjar, kilo	409	409	375

Kvalitetsindikator

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
Antall muligheter abonnenten har til å påvirke gebyret	SSB	3	3
Dager pr år med utvidet åpningstid for mottak av avfall	SSB	208	208

Antall hentinger av avfall som inneholder matavfall, pr år	SSB	15	15
Andel levert til materialgjenvinning inklusiv biologisk behandling	KF	101	+10%
Farlig avfall fra husholdningene levert til kommunale mottak per årsinnbygger (kommune)	SSB	11	14

Vatn og Avløp - sjølvkostområde

Nedanfor visast nøkkeltal og kvalitetsindikatorar for vassforsyning og avløp, ambisjonane for komande år.

Drift av kommunaltekniske anlegg	S-2015	S-2016	Hordaland	Landet	Ambisjon
Talet på anlegg for kommunal vassforsyning	2	2			
Talet på innbyggjarar knytt til kommunal vassforsyning	1 433 58,7%	1 450 57,6%**	82,1%	84,3%	auke
Årsgebyr vassleveranse kroner	7 210	7 210	3 901	3 387	reduksjon
Tilknytingsavgift vatn	11 615	11 615			
Talet på innbyggjarar knytt til kommunalt avløpsnett	1 106 45,3%	1 119 44,5%**	78,9 %*	84,3 %*	auke
Talet avløpsanlegg	6	6			
Lengde spillvassledning (meter)	11 400				
Gebyrintekter pr innbyggjar, kroner, avløp	1 192				auke
Årsgebyr avløp kroner	2 503	2 628	3 534	3 779	auke
Tilknytingsgebyr avløp	11 176	11 735			

Avløp – Utdypende tenesteindikatorar

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
Beregnet gjennomsnittsalder for spillvassnett med kjent alder Enhet: Antall år	Kostra/KB	65	30
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der renskrav er oppfylt	Kostra	Ikkje data	Registrere
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der renskrav ikke er oppfylt	Kostra	Ikkje data	Registrere
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der oppfyllelse av renskrav ikke kan vurderes	Kostra	Ikkje data	Registrere
Antall kloakkstopper i avløpsledningar og kummer per kilometer spillvassnett	Kostra/KB	0,263	0
Andel fornyet spillvassnett, gjennomsnitt for siste tre år	Kostra	Ikkje data	Registrere
Årsgebyr – avløp, kr	Kostra/KB	1258	Opp 25%

Kommunebarometeret =KB

Med kloakkstopper meinast her uønska (ikkje planlagte) stopp i transport av avløpsvatn i leidningsnettet, og indikatoren beskriver derfor den viktigstast funksjonen til eit velfungerande avløpsleidningsnett.

Kvaliteten på tenesta vil vera omvendt proporsjonal med tallverdien til indikatoren, dvs. ei auke i verdien for indikatoren frå eit år til eit anna vil føre ei negativ utvikling for kommunen. Tilsvarande vil ein kommune som oppnår høgare verdi samanlikna med ein annan ha ei teneste av lågare kvalitet.

Høg gjennomsnittsalder og kloakkstopper kan medføre økonomiske konsekvenser gjennom oversvøming i bygningar og anna infrastruktur, luktulempar i lokalområdet og miljøforurensning av primær og sekundær karakter. Det er samtidig ofte utvist ein sammenheng mellom alder på leidningsnett og tll kloakkstopper.

Vasskvalitet

God og sikker vasskvalitet er viktig for innbyggjarane. Nedanfor visast kvalitetsindikatorar som kommunen rapporterer på til Folkehelseinstituttet og som me vert målt etter.

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater %	Kostra/KF/KB	100	100
Intestinale enterokokker (IE): Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	Kostra/KB	100	100
Farge: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	Kostra/KF/KB	100	100
pH: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	Kostra/KF/KB	88	100
Gjennomsnittlig årlig avbruddstid i vannforsyningen (totalt)	Kostra/KF/KB	0,01	0
Gjennomsnittlig årlig avbruddstid i vannforsyningen (ikke-planlagt)	Kostra/KF/KB	0,01	0
Andel fornyet ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år	Kostra/KF/KB	0	0,5
Beregnet gjennomsnittsalder for vannledningsnett med kjent alder.	KF/KB	29	30
Årsgebyr – vatn, kr	Kostra/KB	3374	3374

E. coli og intestinale entrekokker brukes som en indikatorbakterie på tarmbakterier siden den finnes naturlig i tarmen på mennesker og dyr. En lav indikatorverdi for andel innbyggere forsynt av tilfredsstillende vann med hensyn til pH gir signal om fare for korrosjon i ledningsnett. Avbrotstida på vassforsyninga seier noko om forsyningstryggleik.

Økonomiske konsekvenser av sykdomsframkallende mikroorganismar kan inntreffe som følger av økte sykemeldingar i arbeidslivet og endret eller reduserte produksjonsforhold i næringslivet. Siden drikkevann benyttes i produksjonen av en rekke matvarer, kan organismer i vannet også forårsake matbårne infeksjoner. En lav indikatorverdi for andel innbyggere forsynt med hygienisk trygt vann gir signal om større fare for utbrudd av sykdom blant befolkningen i den aktuelle kommunen.

Tekniske tenester

Innanfor tekniske tenester er særleg fokus på kvalitetsmåling innanfor plan, samferdsel, brann, byggesak og eigedom.

Areal- og samfunnsplanlegging; kulturminner og nærmiljø

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	registrering	0	0
Alder for kommuneplanens arealdel	Kostra	11	4
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	Kostra	10	4
Gjeldende plan eller retningslinjer med spesiell fokus på universell utforming	Kostra	0	1

Det er særskilt innanfor planområdet kommunen bør etablere betre og meir systematisk periodiseringsystem av planar. Ambisjonen er å følgje valperioden i tråd med lover og forskrifter.

Samferdsel

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
Andel kommunale veier og gater uten fast dekke	Kostra	0	0
Antal parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb.	Kostra	2	5

Brann og ulykkesvern

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	Kostra	0,4	0,3*
Andel A-objekter som har fått tilsyn	Kostra	156,2	
Andel personer med kompetanse som fører tilsyn med særskilte brannobjekter	Kostra	100	100

*Hordaland

Antall bustadbrannar er eitt mål på kor mykje det brenn i den enkelte kommune. Indikatoren kan ved å samanlikne kommuner seie noko om innbyggjarane har høg eller låg sannsynlighet for å oppleve brann i bustaden sin. Indikatoren sier noko om brannvesenet si arbeidsmengde. Dette er ein indikator som sier noko om resultat kvalitet. A-objekter er bygningar til opphald for eit større tall menneske kor brann kan føre til meir enn alminneleg fare for tap av menneskeliv. Dvs sjukeheim, skular, barnehage mm.

Byggesak

